

Arkivnr: 2019/39-81
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

Fordeling av spelemidler til regionale kulturbygg 2019**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturbygg - ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidler og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og spelemidler. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltninga av spelemidler til lokale bygg - ynskte å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Gjennom å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning vert det lagt til rette for ei styrka satsing på feltet.

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar – finansiert med spelemidler frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til etablering av kulturbygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Generelt:	
Til fordeling 2019 frå Kulturdepartementet til både Lokale kulturbygg og kulturbygg med regionale funksjonar	Kr 4 506 000,-
Søknadsfrist 2019:	1. juni 2019
Overskot frå spelemidler til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS	10. mai 2019
Vedtak kriteria:	https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturbygg-med-regionale-funksjonar/
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.regjeringen.no/contentassets/bd0644dd4732472a8dc5a435a7998e86/retningsliner_for_forv_alling_av_desentralisert_ordning_for_tilskot_til_kult_urbygg-nynorsk-2019.pdf

2019:	
Tal på søknadar:	15
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	3
Godkjend søknadssum:	Kr 66 453 000,-
Rest av spelemidlar 2019 fordelt på budsjett for 2019	Kr 1 000 000,-
Rest av spelemidlar 2019 etter tildeling til Lokale kulturbygg	Kr 208 000,-
Inndregne midlar frå 2018 og 2019 regionale kulturbygg	Kr 1 116 104,-
Tilrådd til fordeling:	Kr 1 324 104,-

Fylkesrådmannen sin overordna kommentarar til forslag til vedtak:

Statlege føringa

Søknad om støtte til bygging av anlegg sendas til fylkeskommunen på e-post. Fylkeskommunen går gjennom alle søknader

Politiske prioriteringar

I fylkesrådmannen si tilråding til fordeling av tilgjengelege midlar er det teke om omsyn til regional verdi – (utover kommunegrense som ikkje kvar kommune kan ta hand om). Det er og teke omsyn til kommunal støtte til tiltaket. Dei fylkeskommunale midlane går til Grieghallen.

Fylkesmannen tilrår at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 1 324 104,- over budsjettpost 400.780 til spelemidlar Kulturbygg med regionale funksjonar i 2019:

Søkjar	Kostnad	Søknadssum	Tilrå fordeling
Hardanger og Voss Museum	100 000 000	10 000 000	0
Hardanger og Voss Museum	6 024 000	3 000 000	400 000
Sunnhordland museum	58 685 000	27 000 000	0
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	21 925 000	450 000	0
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	72 266 000	5 150 000	0
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	26 500 000	4 213 000	300 000
Stiftelsen Kulturhuset USF	1 805 000	500 000	0
Klosteret 17	3 485 000	300 000	0
Fjell kommune	2 500 000		0
Kode kunstmuseer og komponisthjem	4 800 000	1 000 000	400 000
Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	5 812 000	3 500 000	100 000
Norsk vasskraft- og industristadmuseum	107 063 000	10 000 000	0
Voss kommune	650 000	300 000	0
Stiftelsen Bergen Kjøtt	4 200 000	1 000 000	124 104
Stiftelsen History Disposal Unit		40 000	0
	415 715 000	66 453 000	1 324 104

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.10.2019

Sjå vedlegg med søknadar.